



Statens vegvesen

Nordhordlandspakken

2019

INFO



19-0870/visuell/kommunikasjon.no Kart: Statens vegvesen

Kvifor må eg betale bompengar?

Bompengane går til vegprosjekt som skal byggast i Nordhordland. Vegane slik dei er i dag er ikkje gode nok for veksten i befolkninga og i trafikken. Fleire stader er det heller ikkje trygt for dei som går og sykklar. For å kunne bygge nye vegar og tryggleikstiltak i Nordhordland betalar det offentlige noko, og brukarane noko.

Kva får vi for bompengane?

19 vegprosjekt er planlagt i heile Nordhordland. Dei to største prosjekta er ny veg på Radøy og i Meland. Vi får også meir plass til gåande og syklande med ni nye gang- og sykkelvegar. Fem av vegprosjekta er trafikksikringstiltak. Ti vegar blir utbetra.

Kva kostar det å køyre gjennom bomstasjonen?

Takstgruppe 1 (inntil 3500 kg): 20 kroner
Takstgruppe 2 (over 3500 kg): 32 kroner
Nullutsleppskøyretøy: 8 kroner

Det er to-vegs innkrevjing som vil seie at du må betale begge vegar. Maks pris med gyldig avtale kvar måned er 800 kroner for ein bil under 3500 kilo.

Kor tid startar innkrevjinga?

Ved midnatt natt til søndag 1. desember 2019 startar innkrevjinga.

Bomstasjon nr. 6 startar innkrevjing når prosjektet Marås-Soltveit opnar.

Kor lenge må eg betale bompengar?

Bommene blir ståande i tolv år.

Korleis skaffar eg meg bombrikke?

Gå inn på minside.autopass.no. Her kan du lage ein avtale og skaffe brikke. Brikka kjem i postkassen.

Kva er fordelene med AutoPASSbrikke?

Med gyldig AutoPASS-avtale og brikke får du 20 prosent rabatt per passering. Det vil seie at du betalar 16 kroner i staden for 20 kroner. Du betalar også berre for ei passering dersom same køyre- tøy passerar fleire bomstasjonar i Nordhordlandspakken innanfor 60 minuttar. I tillegg får du eit «tak» på maks 50 passeringar per kalendermånad for køyre- tøy som er knytt til avtalen. Etter dette er det gratis å passere resten av månaden. Har du gyldig parke- ringsløyve for forflytningshemma frå kommunen får du fritak ved å registrere parkeringsløyve hos bompengeselskapet.



Her kan du lese om prosjekta www.vegvesen.no/vegprosjekter/nordhordlandspakken